



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119, Dep

0032 OSLO

Vår ref.
09/2155-1/K2-B11, K1-/MLY

Dykkar ref.

Dato:
17.11.2009

HØYRINGSFRÅSEGN TIL NOU NR. 18 : RETT TIL LÆRING

NOU 2009:18 Rett til læring er ute på høyring med svarfrist 27. november. Nordfjordrådet har følgjande merknader:

Opplæringslova kap 5 heimlar i dag born og unge sin rett til spesialundervisning og opplæring.

Det er positivt at NOU 2009:18 foreslår auka vektlegging av born og unge sin rett til læring. Positivt er det også at det no vert lagt vekt på tidleg innsats og forebygging for born og elevvar med særlege behov. Barnehage- og skuleeigar må ha plikt til god oppfølging i høve til born og elvar si utvikling, læring og læringsmiljø. Rett til ekstra tilrettelegging av opplæringa når born og unge ikkje har eit tilfredstillande læringsutbytte må vere ei sjølvstøtt målsetjing for skule og barnehage.

I Rett til læring vert det slått fast at PP-tenesta skal vere tett på barnehagar og skular og ha god kompetanse på læringsmiljø, problemåttferd og samansette lærevanskar. Det vert også foreslått å etablere eit femårig kompetanseutviklingsprogram for PP-tenesta og deira samarbeidspartnarar. Nødvendige økonomiske ressursar skal hentast frå omorganisering av andre deler av sektoren. Den førre reforma er enno ikkje evaluert. Ut frå våre røynslar med SAMTAK-reforma frå slutten av 1990-talet, vil det nye forslaget ikkje gje den ønskete kompetanseoppbygginga av PP-tenesta. Auka økonomiske ressursar er avgjerande. Røynslene frå SAMTAK er at det skjedde lite som utvikla PP-tenesta. I Sogn og Fjordane, med mange mindre kommunar, vart lite nye ressursar tilført PPT – kontora over tid. Betre vil det vere å halde på ei organisering med sterke spesialist-tenester som eit tillegg og i samarbeid med PPT.

Gloppen kommune er i dag vertskommune for Stat. Ped Vest avd. Nord. Avdelinga arbeider mykje med samansette lærevanskar og vert såleis i NOU 2009:18 forslått nedlagt i si noverande form. Vårt inntrykk er at dagens organisering fungerer godt og at Stat. Ped yter god

Postadr.:
Rådhusvegen 11
6770 Nordfjordeid
Kontoradresse:
Rådhusvegen 11
org.nr: 938521816

Telefon:
57 88 58 00

Telefaks:
57 88 58 01

Bankgiro:
3790.07.00130
5398.05.01120

E post:
post@eid.kommune.no
Heimeside:
<http://www.eid.kommune.no>

hjelp til skular og barnehagar over heile Nordvestlandet. Dersom Stat. Ped Vest avd. Nord vert nedbygd, vil det for Sogn og Fjordane vere det føreslegne regionsenteret i Bergen som skal yte kompetanse og hjelp i kompliserte (lavfrekvente) saker. Det er foreslått at bemanning ved dei regionale sentra kring i landet skal gå ned frå totalt ca 145 til 30. Det vil dermed frå Sogn og Fjordane verte store geografiske avstandar for å kome til spesialkunnskapen og langt færre enn i dag til å yte spesialist-tenester. Framlegga i Rett til læring vil gje ein sentraliserande effekt, sjølv om tanken er at dei fleste (høgfrekvente) tilboda skal gjevast lokalt.

Forslaga i NOU-en vil også gje kommunane eit endå større ansvar for læring og opplæring enn i dag. Dette er ikkje i samsvar med trykket på kommunal økonomi, slik han er i dag. Resultatet vert ein meir pressa situasjon på mange skular, og ikkje at born og elevar med særskilte behov får betre tilbod og læringssituasjon.

For vår region er dei 14 stillingane som i dag er lokalisert ved Stat. Ped Vest avd. Nord i Gloppen viktige. Dei oppfyller regjeringa sine målsetjingar om å ha tunge kompetansemiljø plassert i distrikta, utanfor dei store byane. Stat Ped Vest sine folk kjenner dei pedagogiske miljøa kring på Vestlandet, og med avdelingar i Stavanger, i Bergen og i Gloppen vert Vestlandet dekkja på ein god måte.

I dag er Stat. Ped Vest avd. Nord samlokalisert med Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt Studiesenter Sandane. HSF tilbyr her mastergradstudium i spesialpedagogikk. Utvikling av og utnytting av felles kompetanse har gjennom mange år gitt eit betre kunnskapsnivå mellom tilsette i PPT, i skular, i barnehagar og på institusjonar i store område. Ei vidare nedbygging av Stat. Ped Vest vil svekke tilgangen på nødvendig kompetanse i vår region.

Nordfjordrådet ber om at desse innspelane vert teke med i den vidare handsaminga av NOU 2009: 18 Rett til læring.

Med helsing


Sonja Edvardsen
Leiar i Nordfjordrådet